

## Saksprotokoll

**Organ:** Kontrollutvalet

**Møtedato:** 04.06.2018

**Sak nr.:** 17/7562-7

**Internt l.nr.** 30160/18

**Sak:** 30/18

**Tittel:** **Rolla til kontrollutvala i Sogn og Fjordane fylkeskommune og Hordaland fylkeskommune ved samanslåing - Arbeidsmøte 3**

**Behandling:**

**Forslag til vedtak:**

Det vert ikkje lagt opp til å gjera vedtak i saka.

**Handsaming i møtet:**

Det vart gjennomført video-møte saman med kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune i denne saka. Forvaltningsrevisor i Deloitte, Frode Løvlie, leia ein prosess der dei to kontrollutvala drøfta felles rullering av plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2016 – 2020.

Det vart drøfta å ha følgjande vidare oppfølging:

- Kontrollutvalet bør ha tett oppfølging av prosessen med samanslåing av dei to fylkeskommunane ved at prosjektleiar/fylkesrådmann vert invitert relativt hyppig til møte i kontrollutvalet for å orientere om status i arbeidet. Det kan leggjast opp til å ha forskjellige tema i dei ulike møta der også nokre av fylkesdirektørane kan inviterast til å delta.
- Gjennomføre felles forvaltningsrevisjonsprosjekt innan informasjonstryggleik
- Gjennomføre felles forvaltningsrevisjonsprosjekt innan beredskap på vegnettet (vidareføring av det arbeidet som pågår i Hordaland)
- Den eine fylkeskommunen kan gjennomføre ein forvaltningsrevisjon som den andre kan dra nytte av etterpå
- Leiar i fellesnemnda bør også inviterast til å orientere om status i arbeidet med jamne mellomrom
- Orienteringane frå prosjektleiar/fylkesrådmann og leiar i fellesnemnda bør samordnast slik at det kan skje i felles video-møte mellom kontrollutvala i dei to fylkeskommunane. Møteplanane bør samordnast, i alle høve når plan for 2019 skal utarbeidast.
- Sak om val av revisjonsordning vart også drøfta
- Kontroll av noverande fylkeskommune kan skje ved at fylkesrådmannen kjem i møter i kontrollutvalet for å orientere om det er «business as usual» og i tilfelle ikkje, samt kva dette eventuelt går utover
- Leiar i kontrollutvalet i Sogn og Fjordane fylkeskommune orienterte om prosess dei har hatt i høve SEKOM og Vest kontroll når det gjeld sekretariatsordning for deira kommunar. Leiar og nestleiar hadde møte med styreleiarane i selskapa 28.05.2018. Innstillinga til fellesnemnda går som kjent ut på at kontrollutvala i Sogn og Fjordane og Hordaland tilrår at sekretariatsordninga for Vestland fylkeskommune skal organiserast på same måte som i dag, med eigne tilsette i fylkeskommunen. Om det skal vera eit samarbeid med SEKOM og Vest kontroll må det vera på bakgrunn av ein avtale etter ein konkurranse eller vertskommune samarbeid. Vest kontroll har gjort vedtak om at dei vil ha det som i dag. Dei er likevel i dialog med SEKOM og eventuelt andre sekretariat nordover til Møre.

SEKOM har ikkje bestemt kva dei vil, men vil melde tilbake over sumaren kva dei vil gå inn for. Det er planlagt nytt møte med SEKOM og Vest kontroll til 02.10.2018.

**Dette gir følgjande endeleg vedtak:**

Det vart ikkje gjort vedtak i saka.